

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS	KUNDE	År:	Arkiv:
	SAK	Utarb.dato:	Ref.:
		Gjennomgått:	Side:
	<b>ULSTEIN KOMMUNE</b>	<b>2020</b>	
	<b>Oppfølging selskapskontroll SSR IKS</b>	26/10-2020	
			1

**FORMÅL:**

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har fått bestilling frå kontrollutvala i Hareid , Herøy, Sande og Ulstein om Oppfølging av selskapskontrollen i Søre Sunnmøre Reinhalldverk IKS.

**Kontrollutvalet i Ulstein gjorde følgende vedtak:****SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS – OPPFØLGING SAK 34/20****Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapen 2019 for Søre Sunnmøre Reinhalldverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 128/19 Selskapskontroll av SSR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.
2. Kontrollutvalet ber ordføraren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.

**Representantskapet sitt vedtak sak 15/19:**

1. Representantskapet sluttar seg i hovudsak til styret si handsaming av innhaldet i rapporten etter selskapskontrollen og konkluderer med følgjande: a) til e) sjå vedlegg
2. Representantskapet er elles svært godt nøgd med at selskapet i alle hovudsak kan vise til gode rutinar og forvaltningspraksis
3. Vedtaket vert sendt til kontrollutvala og kommunestyra som referatsak.

**Ulstein kommunestyre sitt vedtak sak 128/19:**

1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp – innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.
2. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast og kommunen sine representantskapsmedlemmer har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.
3. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.
4. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020

**UNDERSØKELSE - ARBEID :**

Vi har fått tilsendt årsmelding, rekneskap og notar for 2019 for Søre Sunnmøre reinhalldverk IKS. Dokumenta er gått gjennom mht å skaffe oversikt over korrigeringar som eit resultat av selskapskontrollen.

<b>SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS</b>	KUNDE	Ar:	Arkiv:
		<b>2020</b>	
	SAK	Utarb.dato:	Ref.:
	<b>Oppfølging selskapskontroll SSR IKS</b>	26/10-2020	
		Gjennomgått:	Side:
			2

**Av årsmeldinga går det fram følgande;**

*«I 2018-2019 har det vore gjennomført ein større selskapskontroll for rekneskapsåra 2010-2018. Det vart ikkje avdekkja noko anna enn det som førte til mindre justeringar. Desse justeringane er teke med i rekneskapen for 2019.»*

**Vidare går det fram av rekneskapen;**

Fordelingsnøklane er nøye gjennomgått og kvalitetssikra, og at fleire av desse nøklane er diskutert og godkjent i høve selskapskontrollen.

Endringar vedtekne av representantskapet 15/11-19 er iflg saksopplysningane implementert i rekneskapen.

Av note 10 går det fram at feilførte renter driftskreditt med kr. 446.000,- er korrigert og same note viser at ein har korrigert avskrivning av tomter for perioden 1980-2014 med kr. 239.370,-. Det er vidare ført tilbake til fondet kostnader på grunnarbeid i høve nedgravde løysingar med om lag kr. 486.017,-, men dette er aktivert og vil bli belaste drifta over 10 år.

**VÅRE VURDERINGAR:**

**Fordelingsnøklar:**

Det går fram at fordelingsnøklar er gjennomgått og kvalitetssikra, men det går ikkje fram kven som har kvalitetssikra og godkjent desse.

**Renter driftskreditt:**

Korrigering renter driftskreditt er i samsvar med det som kom fram av selskapskontrollen. Representantskapen konkluderte også med at dette skulle korrigerast.

**Avskrivning tomter:**

Avskrivning av tomter for perioden 1980-2014 er også korrigert i samsvar med rapporten, men med eit lågare beløp ( kr 239.370,-) enn det vi kom fram til. Våre berekningar viste kr 303.000,-

Representantskapet meinte at avskrivningane mest truleg var i samsvar med regelverket då det iflg. representantskapet sitt syn kunne tolkast både i selskapet og kommunerevisjonen si retning, men for å unngå spekulasjonar ville dei slutte seg til styret si anbefaling om å korrigere i samsvar med rapporten. Vår vurdering bygde på innhenta uttalar frå kommunal-og moderniseringsdepartementet som er forvaltar av sjølvkostregelverket.

**Nedgravde løysingar:**

Det er ikkje teke stilling til det som kom fram i rapporten vedk. nedgravde løysingar og kven som skal betale for desse. Med bakgrunn i undersøkingar om praksis i andre selskap, samt innhenta uttale frå Miljødirektoratet der dei konkluderte med at utbygging av nedgravde løysingar ikkje skal dekkast av gebyra, men av utbyggar/anleggseigar. Vi konkluderte derfor med at det som gjaldt nedgravde løysingar var feil handtert. Vi var imidlertid opne for at

<b>SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS</b>	KUNDE	År:	Arkiv:
	<b>ULSTEIN KOMMUNE</b>		<b>2020</b>
	SAK	Utarb.dato:	Ref.:
	<b>Oppfølging selskapskontroll SSR IKS</b>	<b>26/10-2020</b>	
		Gjennomgått:	Side:
			<b>3</b>

regelverket kring dette burde undersøkast nøyare, men vi er ikkje kjent med at dette er gjort, og det går heller ikkje fram av årsmelding eller rekneskap.

Representantskapet viser til i si tilbakemelding til solidaritetsprinsippet som er praktisert elles i selskapet, og at nedgravde løysingar er ei ønska utvikling, men sluttar seg likevel til kommunerevisjonen sine vurderingar om at kostnaden med slike løysingar i størst mogleg grad bør leggast på utbyggar. Representantskapet ber om at kommunane innarbeider dette i sine utbyggingsavtalar der dette er aktuelt, og at selskapet elles i størst mogleg grad tek omsyn til dette når nye anlegg skal etablerast.

Dersom undersøkingane viste at selskapet skulle betale for kostnaden slutta representantskapet seg til kommunerevisjonen sin vurdering om at grunnarbeidet måtte sjåast på som ein del av anskaffelseskost for nedgravde løysingar, og aktiverast og avskrivast, dvs tilbakeførast sjølvkostfondet istadenfor direkte kostnadsføring i drifta.

Selskapskontrollen avdekka at selskapet hadde belasta sjølvkostfondet med 633' (nedskriving i 2017) som gjaldt entreprenørkostnadar i høve nedgravde løysingar.

I tillegg var det belasta avskrivningane som var gjennomført for åra 2014-2016 ( før nedskrivinga). Dette skulle etter vår vurdering vore tilbakeført på den delen som gjaldt hushaldning. Sistnemnde korrigering er retta opp i rekneskapen for 2019, jfr note 10 som viser at ein har tilbakeført fondet med kr. 486.017,- (kostnadar som selskapet direkte regnskapsførte i 2016-2018 er no aktivert og vil bli avskrive over 10 år). Dette meinte vi gjaldt berre dersom undersøking av regelverk, utover det vi gjorde, viste at dette er ein kostnad som skal belastast sjølvkost. Vi kan ikkje sjå at det går fram av rekneskap /årsmelding eller anna informasjon at det er gjort dei nødvendige undersøkelser for å avklare korleis nedgravde løysingar skal handterast rekneskapsmessig.

Vi er fortsatt av den oppfatning at selskapet sin handteringa av nedgravde løysingar kan vere feil.

#### **Investering – drift:**

Kontrollen avdekka at det var ført investeringskostnader direkte i drifta. Det er ikkje teke stilling til dette eller korrigert for denne investeringskostnaden på ca. kr. 650.000,-. Dette skulle vore aktivert og avskrive istadenfor direkte kostnadsføring i drifta.

#### **Over/-underskotsdisponering:**

Selskapet hadde i 2019 eit underskot på hushaldning på ca 2.6 mill, jfr revidert rekneskap, men justert for prinsippending/korrigert til ca 1,9 mill som er dekkja av sjølvkostfondet. Overskotet (resultat etter prinsippending) frå 2014 på ca 7,7 mill skulle vore oppløyst pr 31.12.2019, men det er fortsatt ca 2,8 mill som ikkje er oppløyst. I tillegg må overskotet frå 2015 på ca 1,9 mill oppløysast i 2020. Overskot 2016 på ca 2,9 mill må oppløysast seinast 2021. Totalt utgjer dette sjølvkostfondet pr 31.12.2019 ca 7,6 mill. sjå tabell.

<b>SØRE SUNNMØRE</b> KOMMUNEREVISJON IKS	KUNDE	<b>ULSTEIN KOMMUNE</b>	År:	<b>2020</b>	Arkiv:
	SAK	<b>Oppfølging selskapskontroll SSR IKS</b>	Utarb.dato:	<b>26/10-2020</b>	Ref.:
			Gjennomgått:		Side:
					<b>4</b>

	sum opplysning sjølvkostfond	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Sjølvkostfond 01.01		- 2 395 600	- 2 713 000	- 1 189 000	86 000	3 152 000	10 845 000	12 746 000	15 643 000	10 112 000	9 482 000
Resultat til/frå sjølvkostfond renovasjon		- 316 400	1 524 000	1 275 000	3 066 000	4 871 000	1 901 000	2 897 000	- 3 318 000	630 000	- 2 572 370
Prinsippending/korrigering sjølvkost						2 822 000			- 2 213 000		685 370
Resultat inkl prinsippending		- 316 400	1 524 000	1 275 000	3 066 000	7 693 000	1 901 000	2 897 000	- 5 531 000	630 000	- 1 887 000
Opplysning sjølvkostfond pga underskot 2017	5 531 000			86 000	306 000	2 150 000					
Opplysning sjølvkostfond pga underskot 2018	630 000					630 000					
Opplysning sjølvkostfond pga underskot 2019	1 887 000					1 887 000					
Sjølvkostfond pr 2014 som skulle være oppløyst pr 31.12.2019						2 797 000					
Opplysning sjølvkostfond pga overskot 2015, seinast pr 31.12.2020							150 000				
Opplysning sjølvkostfond pga overskot 2016, seinast pr 31.12.2021								289 7000			
Sjølvkostfond renovasjon 31.12.		- 2 713 000	- 1 189 000	86 000	3 152 000	10 845 000	12 746 000	15 643 000	10 112 000	9 482 000	7 595 000

## KONKLUSJON:

Vi kan ikkje sjå at alle forhold knytta til selskapskontrollen sin forvaltningsrevisjonsdel er korrigert.

Det foreligg etter vår vurdering også brot på generasjonsprinsippet mht 5-års frist for oppløysing av overskot for 2014.